

## MERKNAD TIL REVIDERT FREDINGSFORSLAG - STØDLETERRASSEN

Me viser til Dykkar brev av 02.06.2015 verørande revidert forslag til freding av areal på Stødleterrasen i Etne kommune, med referanse: 2015/1175-4

Etne Sand & Pukk AS ynskjer å informere fylkeskommunen om at det er starta opp privat framlegg til reguleringsplan på Stødleterrassen. Føremålet med reguleringsplanarbeidet er å legge til rette for at Etne Sand & Pukk AS kan utvide eksisterande uttaksområde på Austrheim slik at det kan takast ut meir massar. Uttaksområdet til Åsebø Sanddrift AS inngår også i varsla planområdet. Planarbeidet / tiltaket er vurdert å krevje konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutgreiing med forslag til utarbeiding av planprogram.

Varsel om oppstart av privat planarbeid og utlegging av planprogram til offentleg ettersyn vart gjort samstundes. Høyringsperioden var frå 2. februar 2015 til 16. mars 2015. Hordaland fylkeskommune, planseksjonen, bad om utsett frist til 25. mars og fekk det.

Planområdet inkluderer eksisterande uttaksområde og utgjer ca. 230 daa. Av dette arealet utgjer forslag til utvida uttaksområde om lag 30 daa. Totalt utvida uttaksmengde er grovt vurdert til å utgjere om lag 1,1 – 1,3 millionar m<sup>3</sup>.

Etne Sand & Pukk AS sende inn eit innspel til fredingsforslaget for Stødleterrassen som var på høyring i 2010. Innspelet til fredingssaka inneheld mellom anna ein landskapsdel med to konkrete forslag til korleis terrassekanten kan gjevast ei heilskapleg avslutta landskapsform. Alternativ 1 er lagt til grunn for planarbeidet som Etne Sand & Pukk AS nå har starta opp.

Etne Sand & Pukk AS reknar med at fredingsforslaget ikkje vil påverka reguleringsarbeidet deira sidan forslag til grense for reguleringsplan ligg utanfor grensa til fredingsforslaget.

Me vonar denne merknaden kan takast med i fredingssaka sjølv om den kjem etter høyringsfristen. Me bed også om at vedlagt innspel til fredingsforslaget som var på høyring i 2010 vert teke med. Etne Sand & Pukk AS har elles ikkje andre merknadar til fredingsforslaget som nå er på høyring.

Vennleg helsing  
Asplan Viak AS

Jarle Skjold  
Landskapsarkitekt MNLA  
Tlf: 99786583

Vedlegg:

1. Etne Sand & Pukk sitt innspel til fredingssaka som var på høyring i 2010.